

# Eksamen

11.11.2020

DRA2001 Teater og rørsle 1 / Teater og bevegelse 1

**Programområde: Drama**

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 5 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>Avskrift, kopiering, klipp og lim av tekstar som ikkje underbygger løysing av oppgåva eller drøftar problemstillinga, viser svært låg kompetanse i faget. I denne oppgåva vil det bli lagt vekt på fylgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Grad av presisjon i bruk av fagomgrep og terminologi i eksamenssvaret</li><li>• I kva grad valet av øvingar og metodar er passande og relevante</li><li>• Evna til å sjå overføringsverdien frå øvingane til det skapande arbeidet</li><li>• Kandidaten si evne til å grunngje og reflektere over val, samt evna til å meistre, bruke og integrere faglege omgrep i eksamenssvaret</li><li>• Evna til å beskrive fysiske uttrykk</li><li>• Evna til å drøfte, trekke linjer, sjå samanhengar og vise heilskapleg tenking</li></ul>

**Du skal svare på alle oppgåvene.**

## **Oppgåve 1**

### **Fysisk grunnlagstrening**

Du skal leie ein klasse ein dobbelttime i faget teater og rørsle 1.

Lag ein plan for ei 90 minuttars økt med fokus på koordinasjon og balanse som inneheld fylgjande:

- Oppvarming
- Hovuddel
- Avslutning

Planen skal innehalde fylgjande:

- Mål
- Øvingar med beskrivingar av desse
- Føremålet med dei ulike øvingane
- Tidsbruk

## **Oppgåve 2**

### **Skapande arbeid**

#### Del 1

Gjer greie for kvifor det er viktig å kunne ha ei fysisk tilnærming til å finne ein rollefigur.

Beskriv minst to fysiske øvingar du har gjort for å finne ei rolle. Du skal vise til framgangsmåtar og innfallsvinklar, kva som er føremålet med øvinga, og kva for resultat som er målet med øvinga.

Drøft overføringsverdien av dei fysiske øvingane til utøvande arbeid og sceniske visingar.

#### Del 2

##### Case

Du har blitt spurt av det lokale teateret ditt om å ha ei økt med elevane som er frå 10 til 15 år gamle. Du skal sette opp ei førestilling som krev at rollene deira er svært fysiske på scenen. Korleis vil du førebu deg til denne økta? Kva er viktig for deg å vite på førehand? Kva for øvingar vil du ha fokus på i den 60-minuttars økta du treff dei? Kva er det viktigaste du ynskjer at dei skal sitje igjen med, slik at dei har større kunnskap om det fysiske uttrykket i rolla si?

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 5 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>Avskrift, kopiering, klipp og lim av tekster som ikke underbygger løsning av oppgaven eller drøfter problemstillingen, viser svært lav kompetanse i faget. I denne oppgaven vil det bli lagt vekt på følgende:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Grad av presisjon i bruk av fagbegrep og terminologi i besvarelsen</li><li>• Grad av egnethet og relevans i valg av øvelser og metoder</li><li>• Evne til å se overføringsverdien fra øvelsene til det skapende arbeidet</li><li>• Kandidatens evne til å begrunne og reflektere over valg, samt evnen til å beherske, bruke og integrere faglige begreper inn i besvarelsen</li><li>• Evnen til å beskrive fysiske uttrykk</li><li>• Evnen til å drøfte, trekke linjer, se sammenhenger og vise helhetstenkning</li></ul>

**Alle oppgaver skal besvares.**

## **Oppgave 1**

### **Fysisk grunnlagstrening**

Du skal lede en klasse en dobbeltime i faget teater og bevegelse 1.

Lag en plan for en 90 minutters økt med fokus på koordinasjon og balanse som inneholder følgende:

- Oppvarming
- Hoveddel
- Avslutning

Planen skal inneholde følgende

- Mål
- Øvelser med beskrivelse av disse
- Hensikten med de forskjellige øvelsene
- Tidsberegning

## **Oppgave 2**

### **Skapende arbeid**

#### Del 1

Gjør rede for hvorfor det er viktig å kunne ha en fysisk tilnærming til å finne en rollefigur.

Beskriv minst to fysiske øvelser du har gjort for å finne en rolle. Du skal vise til fremgangsmåter og innfallsvinkler, hvilken hensikt øvelsen har og hvilke resultater som er målet med øvelsen.

Drøft overføringsverdien av de fysiske øvelsene til utøvende arbeid og sceniske visninger.

#### Del 2

##### Case

Du har blitt spurt av ditt lokale teater om å ha en økt med elevene som er fra 10 til 15 år gamle. De skal sette opp en forestilling som krever at rollene deres er svært fysiske på scenen. Hvordan vil du forberede deg til denne økten? Hva er viktig for deg å vite i forkant? Hvilke øvelser vil du ha fokus på i den 60-minutters økten du treffer dem? Hva er det viktigste du ønsker at de skal sitte igjen med, slik at de har større kunnskap om det fysiske uttrykket i rollen sin?



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)